

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO



Deres ref.: Høringsdokument 8-2019
Vår ref.:

05.11.2019

Høyrings svar – Forslag til endring i Energilovforskrifta

Sogn og Fjordane Energi AS viser til Energi Norge og Distriktsenergi sine høyrings svar i same sak. Særleg vil Sogn og Fjordane Energi (SFE) framheve dei sterke innvendingane både Energi Norge og Distriktsenergi har løfta fram knytt til leiinga i nettselskap og moglegheit til å utøve eigarskapen i nettselskap eigd av energikonsern. SFE stiller seg for øvrig i hovudsak bak bransjeorganisasjonane sine høyringsuttaler, og har følgjande presiseringar:

Moglegheit til samarbeid om felles driftssentral

SFE meiner høyringsframlegget gjev rammer for ei driftssentralteneste kor omsyn til effektiv drift og beredskapsmessige forhold er ivareteke, men vi meiner samtidig at det nærmar seg eit punkt kor effektivitet og beredskapsmessige fordelar går tapt. Det blir gitt rom for at nettselskap og produksjonsselskap kan ha felles driftskontrollsystem, med den føresetnad at nettselskapet har systemansvaret. Mykje av arbeidet med digitalisering og automatisering både for nettselskapet og produksjonsselskapet vil skje i driftskontrollsystema. Vi foreslår at det blir presisert at produksjonsselskap må kunne arbeide med vedlikehald og utvikling i felles driftskontrollsystem.

Mange av arbeidsprosessane i dagens produksjonsselskap vert stadig meir automatiserte, til dømes produksjonsplanlegging og prisfastsettinga av bod i dei ulike fysiske marknadane. I rettleiinga til høyringa, vert det presisert at tilsette i nettselskapet ikkje kan delta i utforminga av produksjonsplaner. I ei automatisert verd vil produksjonsplan for eit uregulerbart kraftverk vere basert på tilsigsprognosar mens det for et regulert kraftverk vil vere basert på

eit spottilslag på aggregat-/kraftverksnivå. I våre auge treng difor ikkje utforminga av produksjonsplan å innehalde nokon form for marknadsmessig vurdering. Vi foreslår difor at ein kun presiserar at tilsette i nettselskap ikkje har anledning til å foreta nokon marknadsmessig vurdering på vegne av produsentar.

Mange av dagens kraftverk er av historiske grunnar samlokalisert med kraftkrevjande industri (og nett). Tidlegare var gjerne kraftverka, den kraftkrevjande industrien og industrinettet organisert i eit og same selskap, medan det no i stadig større grad ligg i ulike juridiske einingar med til dels ulik eigarstruktur. Det ligg gjerne føre privatrettslige avtaler som pålegg produsenten å køyre kraftverka på ein måte som hindrar at den kraftkrevjande industrien får uplanlagde stans grunna manglande kraftforsyning. Slik framlegget til forskriftstekst føreligg ser vi ikkje at produsenten har anledning til å motta naudsynt nettinformasjon til å sikre kraftforsyninga til den kraftkrevjande industrien, og vi føreslår difor at det vert teke inn formuleringar som gjer ei slik informasjonsutveksling mogeleg, slik at den kraftkrevjande industrien ikkje blir skadelidande

SFE meiner det er viktig at moglegheitene til å samarbeide ikkje vert innskrenka i større grad en det NVE sitt høyringsframlegg legg opp til.

Muligheten til salg av egen kapasitet

SFE meiner høyringsframlegget gjev nettselskapet tilstrekkelige og riktige rammer for sal av eigen kapasitet, men vi meiner også her at det er viktig at moglegheitane ikkje vert innskrenka utover det NVE sitt høyringsframlegg legg opp til.

Leiinga i nettselskap

SFE viser til dei juridiske vurderingar Energi Norge og Distriktsenergi fremmar i si uttale, og stiller seg bak kritikken om at høyringsforslaget går lenger enn Energiloven, slik denne trer i kraft 01.01.2021. Særlig vil vi peike på viktigheita av at representantar for morselskapet kan drive overordna styring av nettselskapet sine økonomiske rammer.

Som Energi Norge meiner vi dermed at forskrifta må opne for at representantar for morselskapet, med reell avgjerdsmynde i morselskapet, også kan sitte som styremedlemmer i nettselskapet sitt styre.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Energi AS

.....

Johannes Rauboti

Konsernsjef